



## Nissedal kommune

### Eining for kultur

Det Kongelige Kulturdepartement  
ved Roy Petter Kristiansen

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2012/947-1	Anne Margrete Espelid,35048494 anne.espelid@nissedal.kommune.no		07.06.2012

### Svar på høyring om endring av lov om folkebibliotek.

Nissedal kommune ynskjer å svare på høyringa ved å spesielt kommentere § 5.

Nissedal kommune dekker eit areal på 908 km<sup>2</sup> og har 1400 innbyggjarar. Nissedal folkebibliotek er lokalisert i Treungen som er kommunesentrum og ligg ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule. Biblioteket har ope 2 dagar i veka og har tilsett ein person, biblioteksjef i 40% stilling.

I fylgje Biblioteklova §5 skal det vere fagutdanna biblioteksjef i alle kommunar. I Nissedal har vi hatt dispensasjon frå kravet sidan lova blei fastsett, med unnatak av eit halvt år frå juni 2009 til januar 2010 då vi hadde tilsett fagutdanna biblioteksjef. Denne biblioteksjefen slutta fordi ho fekk ei større stilling i ein annan kommune.

I åra som har gått har vi hatt eit velfungerande bibliotek til tross for manglande lovpålagt formell fagkompetanse.

Nissedal folkebibliotek har vore knytt til eit regionalt samarbeid i Vest-Telemark med jamnelege møter og med Telemark fylkesbibliotek. Biblioteksjefar har vore på kurs og hatt god rettleiing frå nettverket i Vest-Telemark og fylkesbiblioteket.

Gjennom stadige utlysingar som fylgje av 2 års dispensasjonar, har det vore ein del utskiftingar av biblioteksjefar og arbeidssituasjonen har vore vanskeleg for tilsett og for leiar gjennom eit uttal utlysingar og prosessar med dispensasjon. Det har og vore svært vanskeleg å gje slepp på tilsette som fungerer svært bra fordi biblioteklova krev det. Alle som har vore tilsett og som har hatt dispensasjon har fått tilbod om å ta vidareutdanning. Ingen har sett seg i stand til dette av fleire grunnar:

- Studiet er svært omfattande og det er vanskeleg for den tilsette å gjere dette med ein 40% stilling i vente.
- Dei fleste som har vore tilsett har lange utdanningar frå før, til dømes lærarutdanning eller administrasjonsutdanning.
- Det har i Nissedal kommune ikkje vore mogleg å løne utdanninga fordi det ikkje har vore midlar til dette og det er ikkje mogleg å ta utdanninga i arbeidstida med ei 40% stilling som bibliotekar.

Med dette som utgangspunkt svarar Nissedal kommune slik på høyringa – endringar i lov om folkebibliotek:

**Svar på høyring om biblioteklova:**

- **§ 1**  
Nissedal kommune er samd i Departementets forslag om justeringar i formålsparagrafen §1 slik at den og syner bibliotekas formidlingsansvar og møteplassfunksjon og at den er teknologinøytral.
- **§ 4**  
Nissedal kommune er samd i departementets forslag om endring av § 4 slik at det sikrar kommunane fridom til å organisere sine bibliotektenester på den best tenlege måten. Dette er spesielt viktig for små kommunar.
- **§ 5**  
**Det er heilt klart at ein i kommunen ynskjer ei endring av § 5. Det er sjølvstakt viktig med kompetanse, men lovkravet i § 5, slik som det føreligg no, er for omfattande for små kommunar.**

**Nissedal kommune ynskjer å vektlegge alternativ 2 som det mest tenelege for kommunen:**

*Å fjerne lovkravet om bibliotekfagleg kompetanse knytt til biblioteksjef vil oppfylle dei kommunal og -regionalpolitiske prisnipa om større fleksibilitet for kommunal organisering og retten til kommunalt sjølvstyre. Dersom ein samtidig fastset eit funksjonskrav knytt til ei biblioteksjefstilling i forskrift, vil ein i ei lausare form sikre relevant kompetanse ved folkebiblioteka.*

- Nissedal kommune er samd i dei lovtekniske endringane som er gjort i § 4, 6 og 14

Det er svært positivt at det vert gjort ein revisjon av Folkebiblioteklova, og ein bed om at det vert teke omsyn til utfordringane i små kommunar i denne prosessen.

Med helsing

Halvor Homme  
Ordførar

Sverre Sæter  
Rådmann

Benedikte Vonen  
Kommunalsjef personal og utvikling

Anne Margrethe Espelid  
Einingsleiar for kultur